



NVE

Vår ref:

Sak: 25/1603 JpID: 25/13553 Sbh: EHA

Dykkar ref.**Dato:**

28.03.2025

Høyringsfråseg frå Region Fjordane
Høyringsfråsegn saksnr. 202317079

I samband med høyring av melding om landstraum til Tampen-området ynskjer Fjordane interkommunalt politisk råd (Fjordane IPR) å gje høyringssvar frå dei 11 medlemskommunane som høyrer til Region Fjordane.

Region Fjordane har utarbeidd ei kraftsystemanalyse som viser flaskehalsar og utfordringar i vår region. Kommunane i Fjordane meiner at dei 3 skisserte alternativa oppnår låg samfunnsnytte og tek ikkje omsyn til berekraftig bruk og bevaring av natur slik det er lagt fram. Vi ber om at ein større grad må ta omsyn til å redusere nedbygging av natur og evnar å finne løysingar som kjem fellesskapet til gode. Ein ny trase gjennom Bremanger kommune er eit stort inngrep som ikkje er naudsynt, slik vi ser det.

På bakgrunn av dette ønskjer ein å spele inn eit forslag som vi meiner har større samfunnsnytte samla sett for regionen. Difor meiner vi at eit 4. alternativ, ny trafo på Grov, er eit alternativ som må bør vurderast og synleggjere nytten for dei kringliggande kommunane. Stasjonen på Grov må oppgraderast, uavhengig av elektrifisering av sokkelen og realisering av havvind. Difor er det ein klar forutsetning at Grov vert utgreia som alternativ tilknytingspunkt dersom elektrifisering blir realisert.

1. Elektrifisering av sokkelen bør baserast på ei kombinasjonsløysing der kraft frå land (via Grov) sikrar stabilitet, medan havvind blir bygd ut for å supplere og balansere kraftsystemet også på land. Det vil redusere behovet for nye inngrep på land, samtidig som både offshore- og landbasert industri får nytte av løysinga.
2. Grov-alternativet er det alternativet som heilt klart bidrar til størst samfunnsnytte for både on- og offshore næringsliv, då det legg til rette for industriell utvikling på land i regionen samtidig som det støttar elektrifisering av sokkelen

Med venleg helsing

Elisabeth Birkeland Hatlenes
Politisk leiar i Region Fjordane

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur
Ver venleg å oppgje referansenummer 25/13553 dersom du tek kontakt med oss.

Kopi til:

Anne Kristin Førde
Bengt Solheim-Olsen
Jenny Følling